

Digitaliserer

Sivert Aarflot sine skrifter



* Kart henta frå Sivert Aarflot sitt arkiv.

202 år etter at Sivert Aarflot starta det fyrste prenteverket på landsbygda, vert delar av arkivet hans tilgjengeleg på internett.

Nesten utan skulegang starta Aarflot ei opplysningsverksemd mest utan sidestykke i Noreg: Han gav ut den første avisa på landsbygda, skipa det første frie lånebiblioteket på landsbygda og samla bygdeungdom kvar søndag for å gje dei utsyn mot verda. SEDAK digitaliserer no delar av arkivet etter pioneren. Det er stiftinga Sunnmøre museum som formelt rår over arkivet saman Volda bygdetun og Sivert Aarflot Museet.

Ho har sendt elleve kassettar med materiale frå Sivert Aarflot Museet til digitalisering, og ser fram til å kunne vise fram desse dokumenta på ein enklare måte.

- Sivert Aarflot Museet sine skrifter er hovudsakleg plassert ved Ivar Aasen-tunet. Det som vi no har sendt til scanning er slikt som har blitt liggjande att i arkivet ved museet, forklarar ho. Når skriftene kjem på nett, vil interesserte kunne klikke seg rett inn i dokumenta frå PC-en heime i stova.


- Stoffet vert lett tilgjengeleg, og vi får betre oversikt over innhaldet i arkivet, fortel avdelingsleiaren. Ho tykkjer det er litt stas

Enkel tilgang

Heidi Thöni Sletten, avdelingsleiari for Stiftinga Sunnmøre Museum avdeling Volda, gler seg over arbeidet som no vert gjort.



* Totalt leverte Heidi Thöni Sletten inn elleve kassettar med materiell til digitalisering.



* Utdrag frå Sivert Aarflot sitt arkiv. Alle foto: Ragnar H. Albertsen/SEDAK-senteret.

at Stiftinga Sunnmøre Museum satsar på digitalisering av Sivert Aarflot sitt arkiv, og gler seg til å vise fram dei sjeldne skattane til allmenta.

Mykje arbeid

I arkivet fins det mykje forskjellig, frå plakatar, ABC-bøker, songar og salmar, små trykk og ulike kart. I løpet av dei om lag tre vekene materialet har vore hjå Ragnar H. Albertsen ved SEDAK-senteret, har han klart å digitalisere om lag ein tredjedel av alle sidene.

- Eg er godt i gang, men for tida har eg svært mykje å gjere, sidan eg har inne oppdrag frå alle dei sju institusjonane som står bak senteret, fortel Albertsen. Han lovar likevel at arbeidet med Aarflot-arkivet skal vere ferdig før jul.

- Når alt er scanna og eg er ferdig med etterarbeidet, vert materialet gjort tilgjengeleg via Internett. Ein kan mellom anna finne dei digitaliserte sidene på Arkivportalen, som er eit digitalt museum. Stiftinga Sunnmøre Museum vil òg leggje lenkje til






* Delar av materiellet som no er til digitalisering.

materialet på si nettside, forklarar Albertsen.

LIV JORUNN NYHAGEN

Fakta om SEDAK:

SEDAK-senteret er eit ressurs-senter for digitalisering av kulturhistoriske kjelder i og frå Møre og Romsdal. Fylkesbiblioteket leiar prosjektet i samarbeid med Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal (IKA). Prosjektet starta 1. oktober 2010 og går fram til 1. oktober 2012. SEDAK skal digitalisere alle typar kjelder for arkiv, bibliotek og museumssektoren i fylket: alt frå bøker og byråkrati, privatarkiv og skipssteikningar, til lyd og «lyslaga» materiale som foto, film og video. Målet er at det som vert digitalisert skal på «nett». Samstundes skal det sikrast slik at komande generasjonar får nytte og glede av det. SEDAK tek også digitaliseringsoppdrag frå næringslivet og private. I løpet av det fyrste året har senteret kome godt i gang med produksjonen, og om lag 70.000 filer frå ulike kjelder i Møre og Romsdal er til no digitaliserte.



* Teksten til «En Nye Sang» av Brevig B. (1816)